



Lat oss utvikle spanande matopplevingar frå Aurlandsregionen!

Lat oss utvikle unike reiselivsoopplevingar i Aurlandsregionen!



VELKOMEN TIL
WORKSHOP FOR
UTVIKLING AV FELLES
ALLIANSEMERKE
OG DINE PRODUKT

MERKEVARE AURLAND 09

Eit praktisk og inspirerande kurs for deg som ynskjer å utvikle mat og aktivitetar i Aurland under eit kommersielt alliansemerke tufta på ei forpliktande kvalitetsplattform.

3 WORKSHOPS I 2009

Torsdag 12. februar

Torsdag 12. mars

Torsdag 16. april

Heildagsworkshop frå
kl.09.00 til ca. kl.18.00.

Pris pr person kr 300 pr
workshop. Inkluderar kaffi,
lunch, frukt og lunch i tillegg
til kursmateriell.

MÅL MED PROSJEKTET:

1. Kompetanseheving innan merkevarebygging og produktutvikling.
2. Utvikle og etablere eit kommersielt alliansemerke for aktørar frå Aurlandsregionen som i fellesskap og einskildvis ynskjer å utvikle unike opplevings- og matprodukt tufta på mellom anna Verdsarvkvilitet.
3. Gjennom tre workshops å identifisere og beskrive eksisterande produkt og gjennom ide- og konseptutvikling å finne og beskrive i ord og bilete aktuelle utviklingsprosjekt.
4. Å over tid utvikle Aurlandsregionen med eit omdøme som Norge sitt mekka for opplevingar og lokal mat med kvalitetar henta frå fylgjande verdigrunnlag:
 - Aurland natur og kulturarv/ Slow food filosofien,
 - Verdensarven
 - Innovasjon Norge sine 10 prinsipp for bærekraftig reiseliv.

Fase 1, 2009:

Prosjektet vil i løpet av våren 2009 bli gjennomført som workshops/møteplassar mellom bedrifter, enkeltpersonar og nettverk som har engasjement i høve til å utvikle unike mat og opplevingar i Aurlandsregionen. Deltakarane vil delta i å forme og definere alliansemerket. Eksisterande produkt som høyrer inn under merket vil bli identifisert. Idear, konsept og produkt vil få vekse fram gjennom prosjektet – og ein ynskjer å stimulere til fleirbedriftsprosjekt, grendevise prosjekt og alliansar aktørane imellom for å utvikle produkt som motiverar gjestene til å kome attende og til anbefale eit besøk i Aurlandsregionen til vener og kjende.

Fase 2, hausten 2009/våren 2010:

I fase 2 vil målet med prosjektet vera å bidra til bedrifts- og produktutvikling for å realisera dei ideane og konseptane som vart beskrivne i fase 1.

*Lat oss utvikle
unike opplevingar
i Aurlandsregionen!*



KONTAKT- PERSONER

Mette Fagerli
Mobil 952 33 592

Ivar-Bjarne Underdal
Mobil 469 60 391

Prosjektet er eit initiativ frå
Aurland Næringshage AS.

PÅMELDING

Namn: _____

Adresse: _____

E-post: _____

Virksomhet/organisasjon: _____

Påmelding med informasjon som ovanfor sendast elektronisk til:
mette.fagerli@merkeledelse.no innan 1. februar 2009.
Eventuelt via telefon 952 33 592.

Ansvarlege for prosjektet

Mette Fagerli f 1963 er siviløkonom frå NHH og har MBA i Brand Management.

Fagerli har lang røynsle frå strategisk merkevarebygging, produktutvikling, strategisk design og kommunikasjon. Ho har arbeidd i Norges Eksportråd, Rieber & Søn Toro og den internasjonale reklamebyråkjeda Ogilvy og Mather. I dag driv ho firmaet Merkeledelse.

Stine Karlsen f. 1968 er designer med hovedfag frå Kunsthøgskolen i Bergen.

Karlsen har lang røynsle frå strategisk design, merkevarebygging og kommunikasjon. Ho har 15 års røynsle frå fleire byrå i Bergen, m.a. frå Ogilvy Bergen og filmproduksjon frå Alligator Reklamefilm. I dag er Karlsen dagleg leiar og AD/ seniordesignar i designbyrået Karlsens. Sjå meir på www.karlsens.no.

*Lat oss utvikle
unike opplevingar
i Aurlandsregionen!*

